

Den nynorske identiteten i lys av det generelle forholdet mellom språk og identitet

Hjalmar Eiksund
17. juni 2010

«*Det går mangt eit menneske og ser seg fritt ikring for Ivar Aasens skuld.
- den stille nedbrytaren av grenser, den rolege og sikre oppbyggaren i eit folk*»

(Tarjei Vesaas, 1950)

Dette godt kjende sitatet er henta frå det monumentale hyllingsdiktet Tarjei Vesaas skreiv i høve hundreårsmarkeringa av "Ordbog over Det norske Folkesprog", og markerer på mange måtar det synet mange nynorskbrukarar har på språket sitt. Det er demokratisk, det er dyrkjøpt, det er verd kjempe for. Denne nynorske identiteten har ikkje vakse fram i eit språkleg tomrom. Han er eit resultat av ytre og indre påverknader, av lange historiske utviklingslinjer og sterke politiske krefter under framveksten av ein moderne nasjonalstat.

Sjølve ordet identitet finst ikkje hos Aasen. Tove Bull hadde i Aasen-året ein artikkel i Språknytt med tittelen, *Aasen, identitet og språk*. Ho understrekar at identitet ikkje er brukt korkje som oppslagsord i ordboka eller i nokon andre skrifter av Aasen. Ordet var likevel i bruk i norsk på Aasens tid. Ifølgje Bull brukte Wergeland det to gonger. Mauritz Hansen har det med i si *Fremmedordbog* frå 1851, og vi finn det òg i Knud Knudsens *Unorsk og norsk* frå 1881. Det står òg ein artikkel om identitet i det første norske konversationsleksikonet frå 1879. På lista over ekspertar som var med å syte for kvaliteten på leksikonet, står Aasen nemnt som førstemann: "Aasen, Ivar, Sprogforsker".

I dette føredraget ønskjer eg å trekke fram nokre av dei faktorane som har vore med å forme den nynorske, eller dei nynorske identitetane som eksisterer i dag. Eg ønskjer òg å stille spørsmål ved om omgrepene har like stor relevans i dag som under bygginga av den unge norske nasjonalstaten for hundre år sidan. Tittelen på føredraget «*Den nynorske identiteten i lys av det generelle forholdet mellom språk og identitet*» opnar for fleire interessante innfallsvinklar. Han inneholder tre omgrep som kvar på sitt vis treng ei avgrensing og definering: *Språk, identitet og nynorsk identitet*. Eg vil først prøve å definere dei to grunnleggjande omgrepene språk og identitet. Deretter vil eg, i lys av historiske tendensar, prøve å passe den nynorske identiteten inn i forholdet mellom språk og identitet. Eg vil òg problematisere sjølve premissen for førelesinga: at det finst ein eigen nynorsk identitet, og kjem i så måte til å trekke inn materiale frå mi eiga forsking på området.

Språk

Eg vil ta til med språket. «Språk» som omgrep er avhengig av konteksten det er brukt i. Det kan ha vekslande innhald: Ein har munnleg språk, skriftleg språk og offisielle språk. Ein kan «ha eit godt språk», ein kan tale eit «tydeleg språk» både munnleg og gjennom gestar og ansiktsuttrykk. Ein har kroppsspråk, og ein kan «språke», på den måten at ein endrar uttalen etter mottakaren eller opp mot ei skriftnorm.

Det er vanleg å definere språkomgrepene på to ulike måtar:

- «SPRÅK» i ubunden form er eit generelt fenomen, kommunikasjonsmiddel eller ei evne hjå menneskja,
- medan «ET SPRÅK - SPRÅKET», med ubunden og bunden artikkel, blir brukt om særlege språk eller språklege uttrykk som ein kan knyte visse kulturelle førestellingar til, som *identitet, synet på kva som er "rett" og "gale"* språk og så vidare.

Viktigast for framveksten av det nynorske språket er likevel ideen om at det finst eit eige norsk språk. Eit språk som skil seg frå grannespråka dansk og svensk og som det er viktig å ta vare på. Ideen om nasjonalspråk var ein av fleire viktige kulturelle strøymingar under nasjonalromantikken. Mange

argumenterer framleis for nynorsk som det "eigentleg norske", det som definerer oss som nasjon. Men det finst òg andre måtar å argumentere for eit nynorsk språk på. Både demokratiske og kulturelle argument er flittig brukt. Nynorsk språk som viktig identitetsberar er eit anna argument og knyter skriftspråket til både eksistensen og sjølvkjensla til nynorskbrukaren. Skal ein slik definisjon ha noko for seg, må ein først leite fram kva ein slik nynorsk identitet kan innebere.

Identitet

Identiteten, eller sjølvmedvitet, har ei lang historie. Opplevinga av å vere eit avsondra «*eg*» er sjølvsagt i våre dagar. *Eg* og omverda er to ulike storleikar. Men samstundes er det like sjølvsagt at *eg* er *meg sjølv* takka vere omgivnadene mine. Kva hadde eg vore om eg var fødd ein annan stad, i ei anna tid, hadde hatt andre vene eller hatt andre opplevingar? Hjartet og hjernen har begge sin fysiske plass i kroppen og kan lokaliserast eksakt, men det eg kallar 'meg sjølv' har inga klar plassering. Trass i opplevinga mi av å vere "meg sjølv" går det ikkje noko opplagt skilje mellom meg og verda rundt meg .

Til dømes har språket mykje å seie for den forståinga eg har av meg sjølv, og det kjem fram på ulike måtar. Ulike språk gjer dette på forskjellig vis. Ta ei så enkel setning som "kva heiter du?" "Eg heiter Hjalmar", svarer eg på norsk. "Como se llaman?" "kva blir du kalla" seier dei i Spania "Me llamo Hjalmar" – eg kallast Hjalmar, svarer eg – naturleg nok, for namnet er noko dei andre har sett på meg, og med *det*: medvitet om kven eg sjølv er. På den måten er språket med på å avsløre kva syn vi som menneske har på identiteten vår. På spansk ser det ut som om identiteten er påført av nokon utanfrå, i Noreg kan det verke som om identiteten er noko meir bestandig – noko vi er, noko vi heiter: "Eg heiter Hjalmar, eg er norsk."

Ein kan velje å sjå på identiteten som essensen av kven ein er, eller har vorte i møte med andre. Desse ulike syna kallar ein *essensialisme* og *konstruktivisme*.

Essensialismen

Innanfor essensialismen er identiteten det ein *eigentleg er*, medan ein i ulike høve kan ta på seg ulike roller alt etter kva omstende ein går inn i. Identiteten er altså noko mennesket har *ein* og berre *ein* av, noko opphavleg, uforanderleg og umistleg. Ut frå ein essensialistisk tankegang er identiteten konstituert av eit sett medfødde kjerneegenskapar, som til saman utgjer ein heilskapleg og uforanderleg storleik (Mæhlum 2003, 108). Sjølv om ikkje Aasen brukte sjølve ordet identitet, kan det vere god grunn til å hevde at han skreiv om identitet. I fortalen til *Norsk Grammatik* frå 1864 argumenterer han for at det er ein samanheng mellom språk og identitet. Aasen skriv om korleis "*Undertrykkelsen af et nedarvet Tungemaal maa [...] virke skadeligt*", og han poengterer at det ikkje berre handlar om omkostnadene ved å lære eit framandt mål: "*Man skal her ikke see alene paa det nye, som et Folk maa lære, men ogsaa paa det gamle, som det ikke faar benytte.*"

Dette minner svært mykje om eit av hovudargumenta frå nyare tid. Bruken av nynorsk og ikkje minst dialektar blir forsvert med samanhengen mellom språk og identitet. Det er først og fremst gjennom språket at identiteten vår kjem til uttrykk. Språkhandlingar er òg identitetshandlingar. Gjennom måten vi uttrykkjer oss på, presenterer vi oss sjølve. Fordi det er ein slik nær samanheng mellom den vi er og det språket vi brukar, er det inga enkel sak å gå frå eitt språk til eit anna, eller å skifte ut dialekten sin med eit standardspråk. At slike vanskar er heilt reelle, er stadfesta gjennom mange ulike undersøkingar (Bull 1996). Slik empiri blir gjerne forklart med at det er svært vanskeleg å gjere vald på eigen identitet. Identiteten er det inste i mennesket, sjølve kjernen i oss. Han er forma gjennom barndom og oppvekst, og er så å seie både det vi er skapte av og det vi er. Etter denne tanken kan vi i røynda ikkje bli nokon annan enn den vi er.

Vidar Mørk definerer i boka *Hjartespråk og skriftmål* frå 1983 *hjartespråket* som det talemålet ein avslører identiteten sin gjennom, noko ein vender tilbake til som den "eigentlege" dialekten sin. Han formulerer det slik:

«Hjartespråket åt ein person er det talemålssystemet som dominerte i det språkmiljøet personen levde i da han var 16 år»

(Mørk 1983, 46).

Det har seinare vorte vanleg å omtale nynorsk som hjartespråket til nynorskbrukaren. Geir Hjorthol diskuterer omgrepet ”nynorsk identitet” i artikkelen sin ”nynorsk identitet?”, vel og merke med spørjeteikn bak. Han definerer nynorsk som hjartespråket til nynorskbrukaren, og poengterer då at bruken av nynorsk viser til «*ei handling som eksplisitt eller implisitt viser til kven du er, eller kven du vil vere*» (Hjorthol 2004, 58). Ideen om *hjartespråket* – uavhengig om ein meiner dialekt eller nynorsk – høver godt under essensialismen. Å bruke nynorsk markerer ei kulturell kopling, og kan blottleggje eit sett av assosiasjonar – ein førestelt identitet – om brukaren. Ideen om denne førestelte identiteten hentar gjerne næring i oppfatninga av å vere i opposisjon til bokmålet.

Konstruktivismen

Innanfor ein konstruktivistisk tankegang blir det lagt vekt på identitet som ein meiningskapande prosess gjennom handling, praksis og interaksjon med omgjevnadene (Mæhlum 2003, 108). Alle har eit eige identitetspotensial som ein langt på veg bestemmer over. I den postmoderne samtida er ikkje lenger identiteten noko medfødd. Mennesket har mange ulike identitetar. Identiteten er noko ein ikkje berre har, men noko ein må leite etter, finne eller byggje opp. Han endrar seg, og ein kan risikere å miste han. I denne samanhengen står *refleksivitet* og *den andre* fram som viktige omgrep i konstruksjonen av eigen sosial identitet. Begge er grunnleggjande element innan teoriane om identitetskonstruksjon og symbolsk interaksjonisme, jamfør Mead og Goffman. Det er i relasjon til andre at ein blir seg sjølv, eller som Mead skal ha sagt det ”*We must be others if we are to be ourselves*” .

All språkbruk er uttrykk for individuelt motiverte handlingar. Måten ein snakkar på i ulike situasjoner er med på å definere oss i vårt eige identitetsprosjekt. Andrée Tabouret-Keller uttrykkjer dette slik:

«... *The individual creates for himself the patterns of his linguistic behaviour so as to resemble those of the group or groups with which ... he wishes to be identified, or so as to be unlike those from whom he wishes to be distinguished.* »

(Tabouret-Keller 1997, 181)

Ein kan velje å sjå på den språklege identiteten som medvitne val i forhold til omgjevnadene, eller som resultat av sosiale påverknader.

Sjølvmedvitnet – før og no

For å utdjupe forskjellen mellom essensialismen og konstruktivismen kan det vere nyttig å gå vegen om antikken og det identitetssynet – eller det synet på *sjølv*-et – som var rådande då. For Homér og hans samtidige var ikkje kjensler som harme og glede plassert inne i ein sjølv. Dei kom utanfrå og greip tak i ein. Sjølv diktina var påført av ytre krefter. Diktaren var berre reiskapen. Dette kjem tydeleg fram i starten av Iliaden:

«*Songdis, syng om den harm som Pelevs-sonen Akilles, nørde så meint, til alskens naud for akaiane hine* ».

(Homér, omsett av Eirik Vandvik 1951)

Homer ber altså gudinna om å synge om den vreiden som greip Akilles, og bruke diktaren – altså han sjølv – som talerøyr. Sokrates og hans stadige spørsmål til omverda vitnar òg som eit tydeleg teikn på at identiteten er noko påført, noko som stadig er i endring:

Den som veit noko, tenkjer ikkje. Den som har urokkelege meininger, tenkjer heller ikkje. Han eller ho har så å seie kome fram. Den som spør, og dermed ikkje veit, han eller ho tenkjer. Vedkomande leiter og finn, vurderer og kastar, og dannar seg nye oppfatningar av det han eller ho er på jakt etter, og tenkjer dermed vidare. Denne vegen fører til undringa over ein sjølv. Ein oppdagar seg sjølv som

"sjølv", men ein er framleis ein del av eit heilskapleg kosmos. Ein kan søkje meining gjennom å finne sin stad i hierarkiet.

I følgje Peter Normann Waage held dette synet på identiteten seg rimeleg fast fram til etter mellomalderen. Då braut mennesket ut av hierarkiet og vart sjølv herre over naturen. Gjennom Renessansen og vidare gjennom opplysningstida vart mennesket sjølv sentrum for verda, og det vart kvar einskild sin ståstad som definerte oppfatninga av kva verda var for noko (Waage 2009).

Romantikken kom på mange måtar som ein reaksjon på det rasjonelle og fornuftsbaserte. Naturen hadde sjel. Steinar og fjell, dyr og planter hadde eige lynne og kunne symbolisere ulike sinnstemningar. I nasjonalromantikken fekk dette utvida tyding. Kvar nasjon måtte ha si eiga sjel, sine eigne særmerke, som skilde dei frå nabonasjonane. "Det norske" vart til på same tid og var med på å gjere oss forskjellige frå unionspartnerane våre, først danskane og så svenskane: historia vår, språket vårt, religionen, naturen, kunsten som vart skapt, folkekulturen som vart heva fram og gjort kjend. Alle desse tinga var med å byggje ein eigen norsk identitet – ein kollektiv identitet som avsondra oss frå påverknader utanfrå. I denne nasjonsbyggingsperioden, som mange seier varte heilt fram til 1950, var jakta på det norske det overordna målet. Vi hadde ein eigen norsk gruppeidentitet. Ein går altså gradvis frå å vere noko i kraft av omverda, til å vere noko i kraft av seg sjølv, anten som gruppe eller som individ. I dag oppfattar vi identiteten som noko personleg, noko som er avgjerande for oppfatninga av sjølvet.

Stein Rokkan brukar omgrepet *motkultur* om den organiserte motstanden den norske periferien har ført mot sentral stats- og nasjonsbygging og kulturell standardisering. Ein motkultur er altså noko som står i opposisjon til det etablerte, ein subkultur som på eit eller fleire område står i motsetnad til vertskulturen. Målrørsla har, heilt frå 1800-talet og opp til våre dagar, representert noko av den nynorske motkulturen til det etablerte. Skipinga av nynorske aviser, teater og forlag har gitt folkespråket talerøyr i det kulturelle Noreg. Etableringa av landsgymnas, lærarskular og seinare distrikthøgskular har vore alternative utdanningsvegar for folk utanfor etablerte akademikarfamiliar. For heile denne rørsla har bruken av landsmål og seinare nynorsk vore ein viktig identitetsmarkør. Frå ein slik vinkel har det samlande *nynorske skriftspråket* representert framtidstru. Ideen er at det framande, representert med tyske og danske lånord og ein (til tider) arrogant og sjølvsentert hovudstadselite, skal bytast ut med noko rotekte norsk, meisla ut av norsk gråstein og vinnarinstinkt. Nynorsk står her som essensen av det norske, det eigentleg nasjonale, det openbert norske skriftspråket for alle – berre alle får sjansen til å lære det tids nok.

Å vere, å ha, å søkje identitet

Tiri Bergesen Schei har skrive ei doktoravhandling om identitetsdanninga til profesjonelle songarar. Ho fokuserer på korleis utøvande kunstnarar jobbar for å finne sin eigen identitet. Måten ho går fram på, kan òg ha relevans i definisjonen av ein nynorsk identitet. Ho deler identitetsomgrepet i tre : det å *vere* identitet, det å *ha* identitet og det å *søkje* identitet. Ifølgje Schei er identitet tilgangen kvar einskild individ har til fellesskapet. Individet er meiningslaust utan fellesskap. Fellesskapet er alltid strukturert og normert. Det er nettopp det som er kultur. Ho støttar seg til Foucault, som uttalar at ein innan diskurstenking ser på måtene ein innanfor ulike kulturar tenkjer og handlar, som samanfiltrer med kunnskap, språk og refleksjon (Foucault 1972).

Struktur og normer innanfor ein kultur er diskursive. Ytringane til kvart einskild individ er diskursive. All kultur vil alltid vere uttrykk for diskursar, men ein er avhengige av kven som definerer kulturen for å kunne presisere innhaldet i diskursane. Eit fenomen som identitet vil framstå forskjellig alt etter kven som definerer han. Å fastsetje ein bestemt type identitet blir altså aldri nøytralt, eller isolert frå omverda. Derfor blir òg det å definere ein identitet som nynorsk eit partsinnlegg, og dermed ei politisk handling, og ikkje som ei nøytral stadfesting av korleis noko er. På den måten set ein både det som skal definerast (den nynorske identiteten) og seg sjølv (definisjonsmakta) inn i kulturelle samanhengar. Den kulturen som vi definerer, forklarer og bestemmer både kva som er lov og kva som ikkje er lov .

Å vere identitet

Når identitet *er*, viser det til det ein kan kalle eit antropologisk imperativ: "Eg er!" Å vere noko gjer ein utan å reflektere: Ein treng ikkje vite at ein veit. Som eg nemnde i innleiinga – når eg seier: "Eg er norsk", "eg snakkar norsk", brukar eg språket til å uttrykkje kven eg er. Språket er ei realisering av sjølve det å vere. Så lenge ein ikkje reflekterer over kven ein er, kan andre definere det for ein. Eit individ i ein særskilt kultur vil normalt handle i samsvar med dei normene kulturen har. Det er først når ein bryt normene, at individet blir klar over at normene finst (Becker 2004).

Og det er først når ein blir klar over at ein skriv annleis enn fleirtalet, at ein blir var sin eigen identitet som noko som skil seg frå dei andre. Det er då ein blir vår identiteten sin. På denne måten er det enklare for ein nynorskbrukar å verte klar over at han er nettopp det – nynorskbrukar, enn det er for bokmålsbrukaren å vite at han er bokmålsbrukar. Nynorskbrukaren bryt med fleirtalet og får ulike merkelappar plassert på seg for å markere at han eller ho høyrer til eit mindretal, eller ei normbrytargruppe. Ein nynorskbrukar i eit bokmålsdominert samfunn blir heile tida gjort merksam på at skriftspråket ein brukar, skil seg ut. Dersom ein ikkje gjer medvitne val i møtet med storsamfunnet, vil språket i dei fleste situasjonar bli bokmål. På den andre sida vil argument for rettane for nynorsken, lett bli oppfatta som kranglevilje og utidig mas. Den konstante påminninga av at ein tilhøyrer det språklege mindretalet, er med på gi nynorskbrukaren eit nært forhold til språket sitt, medan bokmålsbrukaren oftare tek sitt språk for gitt. Nynorskbrukarane må føre ei tolerant linje og gjere mykje på premissane til bokmålet, medan det ikkje er omvendt.

På den måten går nynorskbrukaren frå å *vere* til å *ha* ein eigen identitet. Å *vere* identitet er umedvite. Individet handlar intuitivt, "naturleg" og ureflektert. Det kollektive, som blir representert gjennom normer for handling, stadfestar kvar ein høyrer til. Å *vere* identitet er å vere ein av flokken.

Å ha identitet

Å *ha* identitet handlar derimot om å ta på seg ei rolle, ha ein tittel, og spele seg ut. Å *ha* identitet inneber handling, spegling, representasjon, posisjonering og sjølvmedvit. Dette finn vi mellom anna att hos Giddens (2002) og Hall (2002). Å *ha* identitet handlar om å vere vår kven som les tekstane ein skriv, og vite at reaksjonane frå omverda er avgjerande for sjølvopplevinga, og dermed også for opplevinga av individuell identitet. Å *ha* identitet handlar også om stil, men på speglingsnivået; å ha stil for å bli sett som noko eller nokon. Denne måten å sjå på omgrepet identitet, harmonerer dessutan med gruppeanalysane til Bourdieu av mønster for handling og reaksjonar, der det blir naturleg å lære seg å forstå kodar (Becker 2004). Å *ha* identitet handlar alltid om meiningsfull representasjon. Hall skriv: "*Meaning is produced by the practice, the 'work' of representation.*" (Hall 2002, 22). Å *ha* identitet representerer ulike strategiske måtar å representere seg sjølv på, med alt det inneber av sjanse for suksess og fare for nederlag.

I boka *Det nynorske blikket* (2002) argumenterer Ottar Grepstad for å dele enkelpersonars forhold til det nynorske i tre nivå:

1. Målfolk
2. Nynorskbrukarar
3. Nynorsksympatisørar

Han meiner (1) målfolket deler ein førestelt fellesskap (Anderson 1996, 22–33) om verdien av den nynorske skriftkulturen og det å styrke denne. Denne fellesskapen meiner Grepstad berre er svakt utvikla i den andre gruppa, (2) *nynorskbrukarane*, som han deler i primær- og sekundærbrukarar. Primærbrukaren er ein som nytta nynorsk privat og størst mogleg grad i jobbsamanheng utan noko grad av kjensle av å måtte skrive nynorsk dersom ytre omstende krev noko anna. Grepstad kallar medlemmar av denne gruppa dei reelle nynorskbrukarane, medan sekundærbrukaren har nynorsk som sidemål og avgrensar bruken av nynorsk til lesing, lytting og skolegang. Sekundærbrukaren snakkar gjerne ein nynorsknaer dialekt, men identifiserer seg sjølv som bokmålsbrukar. (3) *Nynorsksympatisørane* omtalar Grepstad som førstegenerasjons bokmålsbrukarar, som berre har eit teknisk og utvendig forhold til nynorsk som språk. Han definerer vidare både Nynorsksympatisøren

og sekundærbrukaren som utanfor det han kallar den nynorske kollektive identiteten som den førestelte identiteten utgjer.

Med bakgrunn i delinga over meiner Grepstad å kunne dele nynorskbrukarane inn i fem stiliserte typar, eller nynorske identitetar:

- *Idealisten* skriv alltid nynorsk og blir oppfatta som profilert nynorskbrukar.
- *Den standhaftige* brukar nynorsk så sant han får høve til det.
- *Den inderlege* gjer nynorsken til ein del av si livsform utan å vere konsekvent.
- *Den tilbaketrekte* får aldri eller nesten aldri bruke nynorsk i arbeidslivet, men skriv nynorsk privat.
- *Pragmatikaren* finn seg greitt til rette med å skrive den språkforma som arbeidsgivaren krev og skriv stadig mindre nynorsk privat.

(Grepstad 2002, 36-37)

Etter mi meinung kan denne inndelinga vere noko problematisk. Grunnen er den koplinga Grepstad heile vegen gjer mot den organiserte målrørsla. Ifølgje han har både *Idealisten* og *Den standhaftige* eit medvite forhold til Noregs Mållag, medan dei andre tre kategoriane av ulike grunnar ikkje ser monn i å organisere seg. Grepstad deler altså inn nynorskbrukarane etter kva grad han eller ho tek parti for eller avstand frå den organiserte nynorske fellesskapen. Ein kan berre bli ein del av den kollektive nynorske identiteten så lenge ein er ein del av den kollektive nynorske førestelte fellesskapen symbolisert gjennom Mållaget. Det er ikkje alle nynorskbrukarar som kjänner seg att i desse kategoriane, mellom anna fordi eit medlemskap i Noregs Mållag lett blir oppfatta som ein ganske sterk markør. Det burde ikkje vere noko motsetnad mellom å *ha* ein konsekvent nynorsk identitet, og det å la vere å melde seg inn i ein politisk organisasjon. Likevel, som nemnt over, å definere identiteten sin som nynorsk blir fort oppfatta som ei politisk handling, om ein vil eller ikkje. I alle fall dersom ein er i kontakt med bokmålsbrukarar og offentlege tenester der bokmålet er i flittig bruk. Ved å markere seg som nynorskbrukar viser ein samstundes at ein ikkje er ein passiv del av ein majoritet, ein vel å identifisere seg med mindretalen. Ein vel å *ha identitet* i staden for passivt berre å *vere identitet*.

Å søkje identitet

Å *søkje* identitet er handlingar som uttrykkjer dei draumane som individet ønskjer for framtida, kva retning livet skal ta, kven ein ønskjer å stå fram som, kva rolle ein skal spele og kva slags image som passar med rolla. Mennesket er ein meiningsdannar som søker å høyre til. Saman med motivasjon til å søkje å realisere behova og lystene sine ligg også kompliserte identitetsdilemma som kan verke hemmande på tanke og handling. Ein kan ikkje uehemma verkeleggjere draumar som bryt med fellesskapen utan å møte motstand frå normer, reglar og autoritetar. Individet møter først og fremst seg sjølv når han eller ho ser seg sjølv gjennom auga til andre, gjennom reaksjonane deira. I følgje Giddens er det ei kjensle av skam som på finurleg vis skapar balanse mellom kva individet vågar å realisere, og kva han eller ho aldri får realisert.

“Skamfølelse udgør den negative side i agentens motivasjonssystem.

Skamførelsens anden siden er stolthed eller selvverd: Tiltro til integriteten og værdien affortællingen om selvidentiteten. En person der er i stand til at skabe en følelse af stolthed over selvet, er et menneske, der psykologisk er i stand til at føle, at hans biografi er berettiget og en sammenhængende enhed.”

(Giddens 2002, 84)

Krav og forventningar frå andre går hand i hand med den indre – eller ytre – drivkrafta til å realisere ”seg sjølv”. Motivasjon blir skapt i diskursane. Drivkrafta til å realisere draumar kan kjennest som eit ønskje om å høyre til, eit ønskje om å bli sett som medlem av ei særskilt gruppe som ein kan kjenne seg familiær med. Det kan vere jakta etter røter, eller etter å kunne identifisere seg med ei gruppe

som er ei drivkraft i seg sjølv. Når individet har oppnådd ein ønskt posisjon, når identiteten har konsolidert seg som for eksempel nynorskbrukar, kan individet oppleve at det å vere nynorskbrukar kjennest naturleg. Når det blir så naturleg at det ikkje lenger er tvil om eigen posisjon, kan ein sjå den språklege identiteten som både ein "ha"-identitet og ein "vere"-identitet. Nynorskbrukaren som identifiserer seg med gruppa nynorskbrukarar, har dermed også gruppeidentitet som nynorskbrukar, jamfør *dei nynorske identitetane* til Grepstad (2002).

Nynorsk identitet

Det finst minst tre måtar å forstå omgrepene 'Nynorsk identitet' på:

1. nynorsk som utgangspunkt for ein kollektivt, samlande identitet
2. nynorsk som ein viktig del av den personlege identiteten til alle nynorskbrukarar
3. nynorsk språk som innehavar av ein eigen identitet

Det kan vere nyttig å sjå desse tre måtane å definere den nynorske identiteten på kvar for seg:

3. Nynorsk etnisitet

Eg vil ta til med det siste. Kan nynorsk seiast å ha ein eigen identitet? Dersom ein følgjer retorikken til nasjonalromantikken, kan ein vere nær med å svare ja på det. Det biletet som etter kvart stod fram av nasjonen Noreg, hadde grovt sett tre hovudtrekk:

1. Den sterke naturen
2. Den frie bonden
3. Den stolte historia

Kjem ein til Noreg under 17. mai-feiringa, kan ein tydeleg sjå at desse førestellingane framleis er høgst levande. Bunaden og folkemusikken ber bod om at den frie bonden framleis er det norske idealet – om enn i museumsutgåva. Den norske naturen er varemerke nummer 1 i promoteringa av Noreg i utlandet, med fjord og fjell som klassiske motiv. Sameleis med historia. Historiske spel finst det mange av, og brorparten har handlinga si frå tusen år tilbake frå ei tid Noreg var ei stormakt i Nord-Europa. Dersom ein vel å sjå på nynorsk som det eigentleg norske skriftspråket, kjem ein farleg nær ein slik nynorsk identitet. I artikkelen *Den nynorske etnisiteten* (2002) går Jon Peder Vestad eit steg lenger. Han samanliknar den typiske nynorskbrukaren med dei kjenneteikna Fredrik Barth set på etniske grupper, og konkluderer med at det kan vere fruktbart, om berre i akademisk forstand, å snakke om nynorskbrukarane som ei eiga etnisk gruppe.

Vestad ironiserer over at nynorskbrukarar både er fertile og slik reproduksjonsdyktige til liks med andre etniske grupper. Nynorskbrukarane har ein hang til å stemme på dei same politiske partia. Det finst eigne aviser og institusjonar for nynorskbrukarane, og nynorskbrukarane definerer seg gjerne sjølv som nynorskbrukar og slik til den same gruppa. I tillegg har det utvikla seg nynorske kjerneområde der nynorsken er meir i bruk enn elles (Vestad 2002). Vestad byggjer desse argumenta på artikkelen «Nynorskbrukaren – kven er han?» av Ottar Hellevik. På denne måten innehalar nynorskbrukarane som gruppe alle dei ytre kjenneteikna til å definere ein nynorsk etnisitet. Vestad konkluderer likevel med at det nok er få nynorskbrukarar som med fullt alvor ønskjer å framstille seg som tilhøyrar av ei eiga nynorsk etnisk gruppe. På den måten avlyser han òg langt på veg at nynorsk i seg sjølv har nokon eigen etnisitet, eller identitet. Då er heller dei to andre punkta, den kollektive nynorske identiteten og den personlege nynorske identiteten, meir interessante å sjå nærmare på.

1. Kollektiv identitet – nasjonsbyggande, eit moderne prosjekt

Det første punktet – å sjå på den nynorske identiteten som ein samlande identitet for heile nasjonen – definerer nynorsk som essensen av det å vere norsk. Dette kan sjåast på som restar av nasjonsbyggjartankegangen, der det vart sett på som formålstenleg med ein felles front mot dei politiske og språklege maktene.

Nynorsk som eit uttrykk for det moderne

I *Mellom tradisjon og innovasjon* (1997) set Arne Apelseth framveksten av eit eige norsk språk inn i den tidlege framveksten av det moderne samfunnet. I kontrast til den tradisjonelle tolkinga av Ivar Aasen som nasjonalromantisk symbol viser Apelseth til at språkprosjektet som mellom anna nynorsk veks ut av, er utgangspunkt for:

«... moderniserande faktorar som folkesuverenitet, folkestyre og idear om allmenn politisk deltaking, til økonomiske, estetiske, forfatningsmessige og intellektuelle endringar, til skuleutvikling, folkeopplysning og effektivisering av innanlands kommunikasjon»

(Apelseth 1997, 6).

Ideen om eit samlande nynorsk språk for alle nordmenn kan på den måten seiast å vere eit moderne prosjekt. Den tradisjonelle ideen om Ivar Aasen som forsvarar for det nasjonale mot det framande får òg motbør hos andre Aasen-kjennarar. Stephen Walton viser til at Aasen sjølv tidleg tok avstand frå det nasjonale prosjektet, som han oppfatta som ei rørsle *for* og *av* byborgarskapen, og heller argumenterte for landsmålet som eit klassespråk for bebruarane frå heile landet. Derav namnet *Landsmål* og ikkje *nasjonalspråk* (Walton 1996, 263). Jürgen Habermas definerer mellom anna den borgarlege ålmenta som ein fristad i samfunnet, der språket gjer alle aktørane til likemenn. I eit moderne samfunn skal ikkje sosial bakgrunn vere vesentleg. Privatpersonen er i stor grad uvedkomande for ålmenta. Argumentet står over personen, og debatten er avprivatisert. Det er altså eit klårt skilje mellom den offentlege og den intime sfæren. Derfor er eit språk som alle kan kjenne tilknyting til, og som baserer seg på det norske folkespråket, òg eit moderne prosjekt (Sørbø 1991, 22).

2. Personleg identitet – postmodernismen

Men den moderne tanken om eit samlande språk for heile nasjonen er på vikande front. I boka *Intimitetstyranniet* skildrar Richard Sennett korleis samfunnet i dag er prega av ideen om at det intime og nære òg er det ekte og samanbindande. Dette kjem til uttrykk i korleis folk kommuniserer på. I sosiale medium på Internett, som til dømes Facebook, skriv ein stor del av oss på dialekt. Dette finst det mange undersøkingar som viser – òg tal frå mi eiga forsking tyder på det, og det fører oss over til punkt 2: Nynorsk som del av den personlege identiteten til alle nynorskbrukarar. Når det personlege møtet skjer gjennom skjermen, forsvinn mykje av den nærliken vi vanlegvis har med dei vi snakkar med. Vi les ikkje lenger ansiktsuttrykka eller kroppsspråket, vi høyrer ikkje på tonefallet om noko er sagt ironisk eller alvorleg. For å kompensere for dette krydrar vi språket med smilefjes og surlepper, spesialteikn som på ulikt vis skal overbevise mottakaren om kven avsendaren er og kva han eigentleg meiner.

Gunther Kress koplar denne forma for tekst til den multimodale teksten, der fleire modalitetar spelar saman i å få fram bodskapen. I staden for å byggje opp lange retoriske linjer prøver denne teksten å overføre mest mogleg informasjon gjennom færrest moglege teikn (Kress 2003). Teksten skal lesast som eit heile, der tomilar og smilefjes spelar saman med dei semiotiske teikna. Gjennom den personleggjorte skrifta på nettet blir intimitetsidelet til eit krav.

Faren er at samfunnet på den måten blir delt opp i små lukka rom, der kravet er at ein involverer seg i kjenslene til dei ein snakkar med. Men dess sterkare ein aksentuerer kjenslene, dess vanskelegare blir samhandlinga med *Dei Andre* som ikkje føler eller skriv på same måten. Sennett fryktar at dette kan bety slutten på den offentlege, eller ålmenne, kulturen (Sennett 1992). Dette kan òg ha konsekvensar for den nynorske ålmenta. Postmodernismen kan seiast å kvile på to grunnførestellingar: For det første at forståinga av mennesket berre er mogleg gjennom språket; for det andre at ei kvar forståing vil vere avhengig av den sosiale, historiske og kulturelle konteksten. Som nemnt tidlegare kan nynorsk på mange måtar seiast å vere eit moderne prosjekt. Den nynorske identiteten høyrer derfor òg på mange måtar heime i modernismen.

På same vis kan ein argumentere for at den skriftlege dialektbruken er eit postmoderne fenomen. Kvar einskild brukar sitt eige språk for å definere seg sjølv som annleis enn dei andre. Det er språket

som definerer oss – òg gjennom skjermen – og vi knyter oss saman i sosiale nettverk der kommunikasjonen skjer gjennom spesielle kodar – skriftleg dialekt – som stadfestar den felles kulturelle konteksten. Grepstad er inne på dette når han i *Det nynorske blikket* postulerer at:

«Det er først og fremst gjennom sin tale at personar i dag blir oppfatta som nynorsk- eller bokmålsbrukarar. Talen er blitt meir synleg enn skrifta. Talen er blitt identitetsmerke»

(Grepstad 2002, 45)

Grepstad skreiv dette i 2002. I dag, åtte år seinare, er kan hende situasjonen ein annan. I tillegg til TV og radio har det førebels skriftbaserte Internett i stor grad teke over som formidlar av språk. I sosiale nettsamfunn ”snakkar” dagens unge med kvarandre gjennom tekst. I doktoravhandlinga *Følge med og følge opp* diskuterer Hildegunn Otnes forholdet mellom nettsamtalar og munnleg kommunikasjon. Ho viser til at innhaldet, språkforma og det at tekstane ofte blir skrivne samstundes, gjer at *synkronne nettsamtalar* har klare fellestrekk med den munnlege samtalens (Otnes 2007, 61–69). Det er derfor stor grunn til å tru at skrivarane sjølve oppfattar desse tekstane som munnlege tekstar, og at det digitale pratespråket er å rekne som munnleg tale.

Talen på TV og i radio har vorte meir dialektnær, noko som tydeleg kjem fram i nyheitssendingane. NRK Dagsrevyen har til dømes nyheitsopplesarar som både snakkar nordlandsdialekt og vestlandsdialekt utan å normere mot noko skriftspråk. Dette er nytt i NRK-historia. Nynorsk språk og nynorsk identitet kjem slik under dobbelt press. På den eine side ligg kravet for kvar einskild av oss om å involvere oss, å blottlegge identiteten mellom anna gjennom ein personleg skrivestil og dialektnær rettskriving. Dette kjem tydelegast fram i måten mange av oss skriv til kvarandre på Internett, gjennom dialektnære meldingar.

På den andre sida står den tekstlege ålmenta, der bokmål dominerer som eit nasjonalt alternativ til nynorsk. Så lenge nynorsk blir gjort til eit regionalt språk, med sitt eige kjerneområde og sine eigne kjernebrukarar, fell argumentet for nynorsk som nasjonalt prosjekt bort. For ein ung nynorskbrukar, som til dagleg skriv dialekt til vener og kjente, og i det offentlege romet i hovudsak ser bokmål, blir nynorskken nærmast usynleg. På same viset blir òg grunnen til å opparbeide seg ein nynorsk identitet sett under press. Dette synet finn eg støtte for i bakgrunnsmaterialet for masteroppgåva mi. Eg tok sikte på å undersøkje om femtenåringar les nynorsk på fritida. Tala er skuffande lesing for nynorskken. For mange av dagens unge er det ikkje lenger det nynorske skriftspråket som definerer den språkleg identiteten. For mange er det den skriftleggjorde dialekten som er identitetsmerket. Nynorsk blir av mange av intervjuobjekta definert bort som eit skolespråk utan relevans utanfor skolestova.

Nokre går så langt som å definere nynorskbruken som eit aldersmerke og signaliserer dermed at den nynorske identiteten er noko som høyrer foreldregenerasjonen, og dermed fortida, til. Som døme på dette vil eg vise til to sitat henta frå oppgåva mi. Det er to femtenårige elevar som uttalar seg om skriving av dialekt versus nynorsk på Internett:

«Det er litt eldre personar som skriv heilt ordrett nynorsk og bokmål. Dei som er yngre, tjue år og under, skriv ganske direkte på dialekt.»

«...viss du skriv nynorsk så ... virkar [du] litt eldre. På Facebook ... er det ofte førti-femti-åringar som skriv "eg".»

Desse synspunkta er ganske gjengse for deltakarane i undersøkinga. Nynorsk er dermed ikkje nokon del av identiteten til desse femtenåringane. Dei vel bort normert skriving til fordel for dialektkskriving. Dette er tendensar som er langt tydelegare hos nynorskelevane enn hos bokmålselevane. Eit anna oppsiktsvekkande funn er at nynorskelevane finn det like vanleg å skrive bokmål som nynorsk når dei først skal skrive normert. Dei opplever altså bokmål som nasjonalt språk, nynorsk som regionalt språk, og skriftleg dialekt som personleg språk – og dermed identitetsspråk. Den nynorske identiteten er langt på veg marginalisert.

Avrunding

I denne førelesinga har eg forsøkt å drøfte omgrepene nynorsk identitet med utgangspunkt i både gammal og ny forsking. Eg har prøvd å skilje mellom det å vere, det å ha og det å søkje ein eigen nynorsk identitet. Eg meiner å ha vist at den nynorske identiteten som eit samlande identitetsmerke for alle nynorskbrukarar er under press. Dette er ikkje spesielt berre for den nynorske identiteten. Ideen om gode, kollektive fellesskapsløysingar var ein del av det moderne prosjektet som vi kan sjå spor etter heilt tilbake frå den industrielle revolusjonen.

I dag, i det postmodernistiske samfunnet, konstruerer kvar einskild person sin eigen identitet, eller sine eigne identitetar. Det munnleggjorde samfunnet grip om seg i form av stadig høgare krav til nærliek og intimitet, personlegdom og autensitet. Eit normert nynorsk, og dermed den delen av den personlege identiteten som er nynorsk, kan lett kome i skuggen av alle dei andre moglege språklege identitetsuttrykka.

Men som nynorskbrukar har ein eitt ørlite ess i ermet. Ved å høyre til mindretallet blir ein heile tida gjort merksam på å vere nettopp i mindretal, og på den måten er òg kimen for ein medviten nynorsk identitet sådd, òg i eit postmoderne samfunn.

Kjelder

- Anderson, Benedict. *Forestilte felleskap : refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning*. Omsett av Espen Andersen. Oslo: Spartacus, 1996.
- Apelseth, Arne. *Mellom tradisjon og innovasjon : Utgangspunkt for Ivar Aasens tidlege målstrev (Hefte nr. 2 frå Ivar Aasen-året 1996)*. Oslo: Samlaget, 1997.
- Becker, Judith. *Deep Listeners. Music, Emotion and Trancing*. Bloomington and Indianapolis: Indiana University Press, 2004.
- Bull, Tove. «Aasen, språk og identitet.» *Språknytt*, nummer 1/ 1996.
- Foucault, Michel. *The Archaeology of Knowledge and the Discourse on Language*. New York: Pantheon Books, 1972.
- Giddens, Anthony. *Modernitet og selvidentitet. Selvet og samfundet under senmoderniteten*. Omsett av Søren Schulz Jørgensen frå engelsk etter Modernity and Self-Identity : Self and Society in Late Mordern Age. Cambridge 1991: Hans Reitzel, 2002.
- Grepstad, Ottar. *Det nynorske blikket*. Oslo: Samlaget, 2002.
- Hall, Stuart. «The Work of Representation.» I *Representation. Cultural Representations and Signifying Practices*, redigert av Stuart Hall, 15-74. The Open University Press. Sage Publications, 2002.
- Hellevik, Ottar. «Nynorskbrukaren - kven er han?» I *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale*, av Elisabeth Bakke og Håvard Teigen, redigert av Håvard Teigen, 117-139. Oslo: Samlaget, 2001.
- Hjorthol, Geir. «Ein nynorsk identitet? Nynorsk skriftkultur - mellom populisme og elitisme.» I *Mellom sann skrift og mytisk røynd. Festskrift til Jan Inge Sørbø i høve 50-årsdagen*, redigert av N. Simonhjell. Volda: Høgskulen i Volda, 2004.
- Homer. *Iliaden*. Omsett av Eirik Vandvik. Oslo: Samlaget, 1951.
- Kress, Gunther. *Literacy in the New Media Age*. London: Routledge, 2003.
- Mæhlum, Brit. «Språk og identitet.» I *Språkmøte : Innføring i sosiolinguistikk*, av Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy, 104-124. Oslo: Cappelen, 2003.
- Mørk, Vidar. *Hjartespråk og skriftmål : kvantifisering av talemålsgrunnlaget for verb- og substantivendingane i bokmål og nynorsk pr. 1975*. Oslo: Samlaget, 1983.
- Otnes, Hildegunn. *Følge med og følge opp : verbalspråklig lyttemarkering i synkrone nettsamtaler*. Doktoravhandling, Trondheim: NTNU, 2007.
- Rokkan, Stein. *Politikk mellom økonomi og kultur*. Redigert av Bernt Hagtvæt. Bergen: Eide, 1989.
- Schei, Tiri Bergesen. *Vokal identitet : En diskursteoretisk analyse av profesjonelle sangeres identitetsdannelse*. Doktoravhandling - dr. art., Bergen: Universitetet i Bergen, 2007.
- Sennett, Richard. *Intimitetstyranniet*. Engelsk originalutgåve 1977. Omsett av Eivind Tjønneland. Oslo: Cappelen, 1992.
- Sørbø, Jan Inge. *Offentleg samtale - Innføring i presse-etiske grunnspørsmål*. Oslo: Samlaget, 1991.
- Tabouret-Keller, André. «Language and Identity.» I *The Handbook of Sociolinguistics*, redigert av Coulmas, 315-326. Oxford: Basil Blackwell, 1997.
- Vestad, Jan Peder. «Den nynorske etnisiteten.» *Syn og Segn*, nummer 2/ 2002.
- Walton, Stephen J. *Ivar Aasens kropp*. Oslo: Samlaget, 1996.
- Waage, Peter Normann. «Selvbevissthetens kulturelle forutsetninger.» *P2-akademiet*. NRK, 21. februar 2009.